


# Seterbrukaren

SKRIFT FRÅ NORSK SETERKULTUR  
NR. 3 – OKTOBER 2004 – 7. ÅRGANG



## **Ein halv million såg TV-programmet med Lina!**

Det vart eit svært fint TV-program frå Tundradalssetra i Lom. Frå NRK kjem det melding om at over 500.000 såg programmet, der Andreas Lunnan fekk til eit fint portrett av ein flott og sterk representant for budeiene og seterdrifta. Programmet gav innblikk i tider som var, men også dagen i dag og utfordringane framover. Kjersti Reksen Sole, nestleiar i NSK, bidro veldig godt med å fortelje om dei utfordringane seterdrifta står overfor og gav klare politiske meldingar - som vi håpar mange la merke til!

## **Dei regionale miljøprogramma kan bli eit løft for seterdrifta**

Frå 2005 skal alle fylke ha miljøprogram for landbruket, basert på midlar som er overført frå ein del tilskot som til no har vore nasjonale. Tilskot til setring og dyrking av for i fjellet er mellom desse. Hedmark og Hordaland er prøvefylke, der ordninga er gjennomført alt i år. Dei fleste fylka har hatt framlegg ute på høyring til nyleg, enda er ikkje konklusjonane dregne. Jamnt over ser det ut til at tilskotet til seterdrift vil auke – frå 13.000 pr. seter i dag, til satsar frå 18.000 til 50.000. Snittet ligg vel kring 20.000. Fylka prioriterer ulikt, somme har differensierte satsar, andre enkle fordelingar, men i alle dei framlegga vi har sett står tiltak for å styrkje seterdrift og seterlandskap sentralt. Også andre verkemiddel og tilskot har betydning for seterdrifta, og det er viktig at seterbrukarane no står skikkeleg på for å få sin del av midlane. Vi har sett på ein del av framlegga, og presenterer litt av dette i bladet. Framleis gjenstår den endelege utforminga, så det vi omtalar her er i hovudsak framlegg og foreløpige opplegg.

Framhald på side 6.

## Neste Seterbrukaren

kjem i desember, med frist for stoff og foto 20.11. Seterbrukaren er til for å bringe vidare "seterstoff" av alle slag, ikkje minst er vi interessert i gode foto frå seterstell og setermiljø. Minner også om foto-konkuransen som vi tillyste i blad nr. 2-04. I skrivande stund har vi fått litt for få til å gjennomføre opplegget. Vi er sikre på at det er mange som sitt på gode foto frå stølsmiljø og seterdrift!

## Fleire medlemmar

Det sig jamnt på med nye medlemmar. Anten finn dei NSK på nettet, eller blir "verva" i samband med besøk på stolar kringom i landet. Skal organisasjonen få slagkraft i arbeidet for seterdrifta og seterkulturen i vidaste tyding, trengst det medlemmar! Og medlemskap inneber sjølvsga ein rimeleg contingent, pengar som kjem godt med. – Skulle nokon ha kjensle av at dei har gløymt å betale medlemspengane for 2004, så finst bankkontonummeret nedst på sida!

## Utvila styremøte

Styret har nyleg hatt møte i Lom, der også valnemnda og ein del inviterte fylkeskontaktar møtte for m.a. å drøfte regionale miljøprogram og andre verke-middel. Vi kjem attende med informasjon fra møtet i neste blad.

### Styret:

Jostein Sande, leiar  
6214 Norddal.  
Tlf 70259108. jossande@online.no

Kjersti Reksen Sole, nestleiar  
2685 Garmo Tlf. 61 21 25 50  
kjersti.sole@skjaak.kommune.no

Sissel Dahle Lie, Skrenten, Øystre Slidre.  
2950 Skammeistein  
Tlf. 61 34 12 45

Odd Arne Espeland, Jondal  
5627 Jondal  
Tlf. 53 66 84 80 Faks 53 66 82 55

Gjermund Stormoen.  
TINE BA. Tlf 22938800.  
gjermund.stormoen@tine.no

### Utgjevar:

#### Norsk Seterkultur, 6214 Norddal

telefon 70 25 91 77  
telefaks 70 25 91 57  
E-post: [seter@seterkultur.no](mailto:seter@seterkultur.no)  
[www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no)  
Bankgiro: 2367 20 51169  
Redaktør: Jostein Sande  
Førtrykk: Stordfjord Bladlag AS  
Trykk: NordvestTrykk

**Seterbrukaren kjem ut fire gonger i året.**

**Framsidefoto:**  
Bjørn K. Ullberg.

## Det satses .. tross alt!

"Det er ei rar tid vi lever i", et resignert, konkluderende utsagn vi kjener igjen etter mange diskusjoner der landbruk har vært hovedagenda. Utsagnet reflekterer oppgitthet og maktesløshet i forholdet til de styresmakter som forvalter og bestemmer retningen på landbrukspolitikken.

I disse litt gråtunge tider er det ekstra hyggelig å erfare at det virkelig satses på og i seterlandet. Høringsutkastet for Regionalt miljøprogram i Oppland har satt seterdrift og utmarksbeiting på dagsordenen. Vi oppfatter at forslaget om å doble setertilskuddet (ved utmarksbeiting) er en anerkjennelse og en honnør til alle som driver denne form for mjøl-keproduksjon. Nå venter vi spent på det endelige programmet – og har sjølvsga allerede nå tanker omkring justeringer ved rullering av planen (!)

I setergrendene jeg kjennen best, ser jeg at det skjer endringer – i positiv retning! Tradisjon med utmarksbeiting med mjølkekjyr blir tatt opp igjen – eller planlegges gjen-opptatt. På turar opp og ned til bygda i sommer, kunne jeg følge med på grunnarbeidene til nytt seterfjøs på eine sida av vegen – og et seterysteri som tok form – på andre sida. I nabobygda ligger et seter – og turisme-prosjekt i startgropa. Et omfattende prosjekt som fordrer nybygging fra grunnen av!

Det er flott at folk har bein i nesa – tar tak og satser.

Vi ønsker lykke til!

Kjersti

## Grenseløst seterprosjekt under oppstart

Grenseløs seter – Fäboddrift i Nordens grønne belte er navnet på et nytt Interreg-prosjekt som nå vil bli satt i gang. Prosjektet har som målsetting å bidra til økt samarbeid, erfaringsutveksling og kompetanseutvikling mellom seterbrukere i Sør- og Nord-Trøndelag og Jämtlands län.

Fylkesmannen, avdeling for landbruk og bygdeutvikling i Sør-Trøndelag, har hovedansvaret for den norske delen i det nye Interreg-prosjektet

Setervirksomheten har vært nedadgående på både norsk og svensk side gjennom flere tiår. Seterdrift har imidlertid store kvaliteter som det er viktig å ta vare på og videreforside til andre som ikke driver med seterdrift. En ser det som et mål å videreforside den kulturarven aktiv tra-

disjonell setervirksomhet innebærer videre til nye generasjoner. Erfaringsutveksling og kompetanseheving inngår som en viktig del i prosjektet. Prosjektet vil også ta sikte på å synliggjøre kvinnenes rolle i seterdriften.

Prosjektet som skal gå over godt og vel to år vil ved siden av landbruksavdelingen i Trøndelagsfylkene også involvere seterbrukerne, faglaga i landbruket, reiselivsnæringen og andre aktuelle samarbeidspartnere.

Prosjektet har fått finansiell støtte gjennom Interreg III A programmet. Interreg-programmet er en del av EUs regionalpolitiske virkemidler for å utvikle samarbeid over nasjonsgrensene.

## Fäbodriksdagen 2004

Årets fäbodriksdag gjekk i år for seg i Östra Grunuberg och Orsa hembygdsgård. I år var det m.a. debatt om EU-støtten til seterbruket, der dei negative sidene kom sterkt fram. Vi saksar litt frå omtalen i avisat Dalademokraten: " - Stödet ser bara till antalet djur. Det sätts väl mycket fokus på kvantitet, och inte på kvalitet, anser Ingall Juhlin, Jordbruksverket.

Som EU-stödet är utformat i dag så beräknas det per djurenhet och uppskattat antal hektar som en ko eller häst betar. Mindre djur ger lägre ertsättning. 7 000 kronor betalas ut för varje ko eller häst per fäbodsommar. Baksidan av det bidragssystemet är att fäbodbrukare lockas att ta upp så många djur som möjligt till fäboden, eftersom andra sysslor inte premieras, befa-

rar Ingall Juhlin. - Vi vill se en diversierad ertsättning där man också får räkna in att man tar hand om fäbodskog, öppnar vallen, mjölkar, gör ost och kokar messmör, säger hon. Flera av fäbodbrukarna ville också få stödet ändrat från fem-årsperioder till ett-årigt stöd. -Annars tror jag att fäbodlivet dör ut. Om man är 63 år, så vet man inte hur det känns när man är 68, säger Land Alice Andersson, ordförande för Dalarnas fäbodbrukarförening."

### Riksorganisasjon

På årets fäbodriksdag i Orsa vart også det konstituerande møtet for den nye riksorganisasjonen for fäbodbrukarar halde. I styret vart vald Urban Delestig, Ljusdal till ordförande, Calle Höglund, Trönö, Anna Svensson, Klövsjö och Christian Olofsson, Dala-Järna som styremedlemmar.



## Seterbrukaren og heimesida

[www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no) er opne for spreieing av informasjon om det som skjer rundt om i seterlandet. NSK har ikkje ressursar til å fange opp alt som skjer, det trengst hjelp. For å gjera bladet og heimesida betre, treng vi "korrespondentar" som sender oss stoff (også i form av avisutklipp), bilet, tips om saker å følgje opp o.s.b.

# Seterdrift og turisme i Sigdal



*Yrande liv og stor aktivitet på Grøset seter.*

Grøset seter er no den einaste setra som er i drift i Sigdal i Buskerud. Og var det ikkje for entusiastane som tok opp igjen seterdrifta her i 1991, så hadde det vore øde og stilt også på denne seterstolen. Ein samtal med Karin og Bjørn Karsten Ulberg byr på mykje engasjement og entusiasme, og slik har dei bygd opp eit setermiljø som mange får oppleve og sett stor pris på. Her går tradisjonell seterdrift og turisme hand i hand, og i år vart sesongen ekstra lang med buss-grupper til langt ut i september. Setra ligg i Teodor Kittelsens "troll-rike", fjellet Andersnatten ruver i landskapet – i eit område som har mykje både natur og kultur å by på.

Karin og Bjørn driv garden Ulberg lille, og stolen høyrer Ulberg-gardane til. Sjølve

stølsvollen vart delt ettersom garden vart delt i fleire bruk, med teigar på fire mål som – praktisk for seterdrifta – enda ut i bekken som renn gjennom stølsvollen. Det var stort sett huslaust, da tanken om å starte opp igjen seterdrifta tok form. Bruket hadde lenge hatt kyrne innleidt på ein annan stol, men i 1991 var det klart for ny drift på Grøset. Nye hus vart bygd på gamle tufter, no er det eit setertun med åtte buer. Det er to fjøs, og to av husa er gamle, flytta dit – sto til nedfalls andre stader i bygda. Tømmer til dei nybygde stølshusa er for det meste henta frå eigen skog. Karin og Bjørn har 16-17 kyr som blir mjølka på stolen, elles består buskapen av kalvar, høner, kaninar, geit, griser og sauer.

Turisme var ein del av drifta alt frå starten i 1991, med "open seter" så godt som kvar dag. Dette har vi endra ein del, fortel Karin. Skulle vi makte alle arbeidsoppgavene måtte vi sette grenser. No har vi ope for tilfeldig besøkande laurdag og søndag, elles i veka grupper av ulike slag etter avtale.

På Grøset har dei god kapasitet til å traktere ein busslast i gongen, med seterkost som rømme eller rømmegraut, sveler, vafler, mjølk og kaffe m.m. Ein god del av produksjonen på setra blir til rømme, smør, ost – og forelda produkt som blir servert til gjestane. Drifta omfattar også salg av rømme, smør og ost.

Kyrne blir flytta dei 7 kilometrane til seters midt i juni, og er der til sist i august. Karin fortel at dei har prøvd i invitere folk med på busføring, heimferd frå setra. Men det er vanskeleg å planlegge slikt lang tid føreåt, det kjem an på veret, beitkvaliteten

osb. – og kyrne våre får nesten bestemme heimturen sjøl. Grinda ved ferista blir opna, og kyrne finn vegen heim sjøl ... Buskapen er mangfaldig, NRF, Sida Trønder, Jersey og Telemark. Det høyrer med å reise til Dyrku'n med telemarksku! Dei har vårkalving og difor mykje mjølk utover sommaren.

Karin og Bjørn tek seg av det meste av drifta sjøl, resultatet er best både praktisk og økonomisk slik. I tillegg til servering av stølskost, omfattar produktet sjølsagt formidling av historie og tradisjonar – og ein del av gjestane får vera med på konkrete arbeidsoppgåver knytt til foredling av mjølka. Ein vesentleg del av gjestane kjem i grupper pr. buss, og dei fortel at dei faktisk hadde åtte bussar i september i år, etter at kyrne var heimfarne. Desse gruppene kom frå Sør-Østlandet, men dei har også meir langvegsfarande gjestar som t.d. amerikanarar via Sons of Norway. Karin og Bjørn understrekar at denne forma for seteturisme er noko å satse på for fleire, det er plass for mange fleire tilbod – så mangfaldig og forskjellig seterdrifta er rundt om i landet.

Men samstundes strekar dei under at det er viktig å sette grenser, finne ein balase i ein slik kombinasjon. Det er lett å slite seg ut, vi treng dagar utan besøk på stolen til å gjera andre ting – og tid til å "ladde batteria". Samarbeid er også eit nøkkelord for dei driftige seterbrukarane, for dei som satsar på turisme på setra er det viktig å få til godt samarbeid med andre aktørar i reiselivet. Godt samarbeid danna for nokre år sidan grunnlag for boka "Eventyr Mat", presentasjon av litt historie og mykje mat frå Sigdal og nabokommunane.



*Besøkande får prøve seg i seterstallet.*



## SETRA VÅR!

Lunt under lia, der kveldsdogga væter  
mose og lyng og ein einer med bær,  
ligg der ei audsleg og fråflytta seter.  
Alt er til nedfalls, så gå kje for nær.  
Eitt sel ligg klemt under taket  
som datt ned.

Hitt selet står nok, men døra er vekk.  
Holet i muren har sauene laga,  
og glaset er tetta med fjøler og sekk.

Kveldsvinden ruskar i småkratt på taket,  
pip gjennom sprekker og hol her og der.  
Innselet gaper så hjelpeauast nake.  
Koppar og kjerald finst ikkje her.  
Ljoren er borte og døra av hengsla,  
ingenting att til å feste seg ved.  
Stolt ragar skorsteinen opp over taket,  
men har ingen røyk til å briske seg med.

Rundt har eg rusla og mangt har eg funne  
og sett det på plass der eg visste det stod,  
og gjennom hugen har minna fått runne.  
Ein gong var setra vår heimleg og god.  
Då klang der bjøller i bakker og lier,  
byttene skrangla og gjentene song.  
Gløymt er alt vås gjennom uvær  
og skodde,  
På leit etter kyrne så mangen ein gong.

Viss er ho vakker, vår eldgamle seter  
slik som ho ligg der i solglansen gylt  
eller om hausten når månen fær skine  
Og bekken og brunnen av sylvglansen  
fylt.

Men likevel er ho vakrast å finne  
når vi attende i tankane går,  
og ho ligg kransa av glitrande minne  
om solskin og sommar  
og ungdomens vår.

Petra Homlong Moen



Foto: Terje Randen, Fjuken.

## Markvandringar med tema: Utfordringar og moglehete i seterlandskapet - korleis få "selt" denne perla?

Fleire og fleire grunneigarar ser at dei kan utnytte utmarka, skogen og fjellet til å gje auka inntekter. I Gudbrandsdalen har vi "gode" som storsamfunnet etterspør; frisk luft, reint vatn, god plass, kultur, historie, tradisjon, og ikkje minst framleis levande bygder. Setra og seterlandskapet er ein del av kulturarven som kan utnyttast betre i denne samanhengen. Ofte er hus og innmark godt ivaretake, men er det mogleg å utnytte dette og landskapet rundt i ein kommersiell samanheng?

Kunnskapsturisme er eit nytt omgrep som er teke i bruk både i internasjonal og nasjonal samanheng og inneber at turistane vil ha eit fagleg innhald i sine naturopplevingar dvs. dei vil vite kva, korleis, kvifor, osv. om vårt vakre landskap og natur. Det vil i praksis seie at turistane vil ha ein dyktig guide som kan formidle kunnskap om natur og kultur på ein forståelig og faglig sikkert måte, noko som vil gje ein heilt annan dimensjon over naturopplevinga.

Netosetra i Lom hos Oddveig Hosar og Eivind Øvreliid og Mykle seter i Fåvang, hos Marit Løkken, var i sommar arena for markvandringar i seterlandskapet – med Øko-Gudbrand i samarbeid med Midt-Gudbrandsdal forsøksring og Ottadalen forsøksring som arrangørar.

Guide på markvandringane var Anders Bryn frå Norsk institutt for jord- og skogkartlegging. Han har lang erfaring med å lage guida turar for besökande basert på naturgrunnlag og kulturhistorie ved ulike lokalitetar. Bryn legg stor vekt på sjølvé kunnskapsformidlinga og sett fingeren på korleis ein kan gjere det spennande og interessant for deltakarane. Tema for markvandringane var m.a. verdiar i seterlandskapet, seterbruket, frå det nasjonale til det lokale perspektiv, skjøtsel av seterlandskap - alt frå kulturminne til naturminne - men med vekt på husdyrbeitning, vegetasjon og natur i seterlandskapet, planter og tradisjonar (etnobotanikk, seterlandskapet som turistmagnet, utfordringar og moglehete i seterlandskapet. Vidare informerte lokale landbrukskontor om dei aktuelle tilskotsordningane.

## Ny vår for seter i forfall

Diktet "Setra vår" handlar om Homlongsetra i Geiranger. Garden Homlong ligg ved fjorden tett utanfor bygdesenteret i Geiranger, medan setra ligg høgt oppe i lia – mellom Homlong og Skageflå. Følgjer ein stien frå Homlong til Skageflå kjem ein framom dei gamle husa på denne setra. Ved setervegen, eit stykke ovanfor tunet på garden, ser ein elles murane etter små fjøs der lamma vart haldne natta, for at søylene skulle kunne mjølkast om morgonen. -Heldigvis er det sett i gang tiltak for å hindre det forfallet som diktet skildrar. Det blir neppe drifta att på Homlongsetra, men med særmerkte hus i god stand kan folk som ferdast der framleis få "glitrande minne" frå ein vakker seterstøl. Storfjordens Venner står bak tiltaket.

På biletet ser vi handverkaren Kåre Løvoll framfor eitt av dei særmerkte sela, medan Peter Ogden frå Wales, ekspert frå Unesco – på synfaring i samband med Verdsarvsøknaden – og Geir Gjærde, dagleg leiar for destinasjon Geiranger-Trollstigen, beundrar arbeidet.



# Seterprisen 2004 til Midtre Gauldal kommune

- Dette var artig. Det sier sosialleder Oddveig Børset ved helse- og om- sorgsetaten i Midtre Gauldal kommune, i en kommentar til at de har fått Seterprisen for 2004. Som eneste kommune i landet, tilbyr de alle barn i kommunen et seteropphold i løpet av sommeren. Det er verdt en egen pris mente juryen. Overrekkselen skjedde i tilknytning til det spesielle Huldrenatt-spelet på en gammel setervoll i Tolga i Nord-Østerdal.

AV DAG B. URDAL - DBU@NORGESVEL.NO

Prisen, som deles ut for fjerde gang i år, er Norges Vels måte å hedre noen av alle de som gjør en stor og flott innsats for å holde den norske setertradisjonen i hevd. I år var Norges Vel spesielt på jakt etter kandidater som på ett eller annet vis gjør noe aktivt for å formidle kunnskap om livet på setra, til allmennheten generelt og/eller - til barn og ungdom spesielt. – Da vi så begrunnelsen for at barnevernstjenesten i Midtre Gauldal burde få prisen, var vi ikke i tvil om dette måtte bli årets vinner. Det sier leder i juryen, direktionsmedlem i Norges Vel, Kari Bay Haugen.

## TILBUD TIL ALLE

For hør bare: for andre år på rad tilbyr barnevernstjenesten i samarbeid med landbrukskontoret, alle barn kommunen mellom 9 og 14 år – et ukelangt opphold på en av tre setrer. På denne måten får barna gode opplevelser sammen med andre i et verdifullt miljø med natur, landbruk og dyr. – Dette bør være et eksempel til etterfølgelse også for andre, sa preses Randi Braathe i Norges



Fra utdelinga av Seterprisen 2004: f.v: prosjektleider Karine Berge Moen, sosialleder Oddveig Børset, jury-leder Kari Bay Haugen, gardbruker og budeie Kjerstin Kosberg, prosjektleder Nina Sommervoll og preses i Norges Vél Randi Braathe.

Vel da hun overrakte prisen til representanter fra kommunen.

Rammen rundt utdelinga kunne ikke vært bedre. Rundt den gamle setervollen satt folk tett i tett. Det lå en forventningsfull og nesten trolsk stemning i lufta like før Huldrenatta tok av i en forrykende forestilling som få av de tilstede værende vil glemme med det første.

## HYGGEGLIG

- Det er hyggelig for oss i barnevernstjenesten å få positiv oppmerksomhet for noe vi har gjort for en gang skyld, forteller Børset. Barnevernstjenesten får dessverre alt for ofte det motsatte. Vi har stort sett bare fått positive tilbakemeldinger på dette, både fra barna og familiene til de som får tilbud

og fra folk flest i kommunen, fortsetter hun – samtidig som hun gir en særlig honnør til alle de setervertene som har stilt opp og gjort dette originale Inn på tunet tiltaket mulig.

Setervertene var for øvrig representert under utdelinga ved Kjerstin Kosberg, som i løpet av sommeren har med åtte ekstra barn på setra, i tillegg til sine to egne. – Det har ikke vært noen problemer i det hele tatt så langt. Tvert i mot har det gitt mersmak, understreker hun.

Selve prisen er et litografi av Svallaug Svalastog, i tillegg til 5.000 kroner og livsvarig medlemskap for kommunen - i Norges Vel.



## Seterlandskap

var tema for markdagen som Ottadalen Forsøksring arrangerte i Finndalen på Breistulen hjå Hans Gubhage i juli. Knut Storbråten frå Solør og Odal Forsøksring hadde det faglege ansvaret. Tema for dagen var korleis menneskeleg påverknad har vore med på å skape kulturlandskapet kring setrene og korleis ein best kan ta vare på dette landskapet. Deltakarane fekk ei innføring i planteliv o.a. i dette landskapet, kunnskap som kan brukast når ein skal kartleggje og dokumentere miljøverdiar på eigen gard. Det var kaffe og biteti attåt.

## Regionalt miljøprogram – nokre foreløpige forslag

Høyringsutkastet til regionalt miljøprogram for landbruket i Oppland blir det føreslege nær ei dobling av tilskotet til seterdrift – frå dagens 7,5 til 14,1 millionar kroner. Maks tilskot er føreslege auka til 27.000 kroner pr. seter. Det er dessutan framlegg om arealtilskot til innmark i seterlandskapet. Stig Horsberg ved Fylkesmannen si landbruksavdeling seier det har vore stor semje om at seterkulturen er noko av det viktigaste å ta vare på i eit miljøvenleg landbruk. Og landets seterfylke nummer ein har eit stort ansvar for å halde oppe seterdrifta. Bortfall av setring fører raskt til at hus forfell, gjengroing og stor endring i kulturlandskapet.

Samla disponerer Oppland om lag 50 millionar til det regionale miljøprogrammet, ingen andre fylke har så mykje å bruke til desse føremåla. FMLA-Oppland presenterte framlegget til det regionale miljøprogrammet på setra hos Marie Myrvang og Arvid Klaetne på Nashaugsetra i Gausdal vestfjell. Det regionale miljøprogrammet skal erstatte fem nasjonale ordningar, og potten for Opplands del blir i 2005 auka med 13 millionar. Det er difor rom for auka innsats på fleire viktige miljøfelt, m.a. styrking av stølsdrifta.

Heile framlegget ber preg av at ein ønskjer å få til ein skikkeleg innsats mot gjengroing i kulturlandskapet. Aktiv og medveten beitebruk er viktig, og det blir m.a. føreslege ekstra tilskot til beiting med geit og hest. Drifta i dei bratte dalsidene er også viktig for å halde landskapet ope, difor er det framlegg om utvida høve til å få tilskot til drift av slike areal. Tilskot til slått og beiting av biologisk verdfulle areal er også med, som eit nytt tilskotsverkemiddel. Målet er m.a. å ta betre vare på særleg verdfulle blomsterenger og beitemarker. Eit framlegg om å bruke av desse midlane til tilskot å eigaraar av freda bygningar er også med, men styringsgruppa som har forma framlegget til miljøprogram for Oppland vil vente med å konkludere til etter høyringsrunden. Ei rekke organisasjoner og instansar har fått framlegget til uttale, og fristen var 10. oktober. Programmet skal rullerast kvart fjerde år.

### KRAFTTAK FOR TRADISJONELL SETERDRIFT I NORD-TRØNDELAG

I Nord-Trøndelag er det framlegg om å auke tilskotet til seterdrift betraktelig, 20.000 kroner til setre som leverer

melka til meieri – og 50.000 kroner til setre som foredler og selger melka lokalt. Videre sies det i forslaget, som er sendt til høring, at ”gjennom Regionalt miljøprogram for landbruket i Nord-Trøndelag kan det gis særlige tilskudd til foretak som har hele eller deler av sin melkeproduksjon på seter i minst fire uker i sommerhalvåret, eller foretak som driver foredling og salg av produkter fra setra. Drifta skal ha klar tilknytning til tradisjonell, lokal seterkultur, og produksjonen skal i hovedsak være basert på utmarksbeite.

### Vilkår:

- Det skal foregå melkeproduksjon på setra i minst 4 uker om sommeren.
- Beitinga skal foregå på ugjødsla setervoller (innmarksbeite) og/eller i utmark.
- Beitetrykket skal være tilstrekkelig til å vedlikeholde kulturlandskapet knytta til setra.
- Det skal være hus på setra som det er mulig å overnatte i.

Det er også interessant å merke seg den begrunnelsen som er lagt til grunn for forslaget. - ”Det er miljøeffekten som skal være det sentrale i virkemidlene i Regionalt miljøprogram. Dette tilsier at det er den tradisjonelle seterdrifta som bør stimuleres. Dette betyr ikke at alle moderne tilpasninger skal forbys, men det vesentlige er at beite-tradisjonen med utnyting av setervoller og utmark videreføres slik at det karakteristiske seterlandskapet bevares. Det er også ønskelig å stimulere til bevaring av andre sider av seterkulturen som er knytta til bebyggelse og framstilling av småskalaprodukter på setra, gjerne knytta til reiseliv eller annen næringsutvikling.

For å ivareta miljøformålet knytta til bevaring av seterkulturen er ikke omfanget av melkeproduksjonen på den enkelte setra avgjørende, og det er heller ikke nødvendig at all melkeproduksjon på foretaket foregår på setra om sommeren. Det er likevel nødvendig med melkeproduksjon gjennom hele setersesongen, og at beitetrykket er tilstrekkelig til at kulturlandskapet bevares.

Fellesbeiter på gjødsla innmark for kyr, som i realiteten dreier seg om samdrift

i sommerhalvåret, har ingen tilknytning til den gamle seterkulturen og har heller ingen miljøeffekt av betydning.

### AUKA TILSKOT OG DIFFERENSIERING I HEDMARK

Hedmark og Hordaland er prøvefylke, og har gjennomført nyordninga med regionale miljøprogram for landbruket alt i år. I både fylka har ein auka tilskotet til setring, 20.000 kroner pr. seter i Hordaland og tilsvarende, men meir differensiert auke i Hedmark. I programmet for Hedmark les vi det er ”et sterkt ønske om å styrke tilskuddet til seterdrift med melkeproduksjon, samtidig som en ønsker å differensierte tilskuddssatsene for geit og ku for å kunne gi en ekstra stimulering til geita som kulturlandskapsarbeider. Vi ønsker også å differensierte tilskuddet mellom enkelt- og fellesseter. Såleis er opplegget slik (tal setre 2003 i parentes): 20.000 pr. enkeltseter med ku (232), 25.000 pr. fellesseter med ku (22), 25.000 pr enkelt-seter med geit/ geit og ku (14/4) og 30.000 pr. fellesseter med geit (1). Ein reknar med å bruke 5,7 millionar på dette i 2004, vidare seiest det at ein reknar med å auke tilskottssatsane ytterlegare for søknadsåret 2006.

### SØR-TRØNDELAG

#### – NÆR DOBLING AV SETERTILSKUDDET

Forslaget i Sør-Trøndelag går ut på at ein vil vidareføre – eksisterende tilskuddssordning – med økt tilskuddssats. Formålet er å opprettholde seterkulturen med tradisjonsrike driftsformer, gammel kulturformidling og kulturlandskapsverdier. Seterkulturen har fram til nå stått sterkt i Sør-Trøndelag. De siste årene har det vært stor reduksjon i antall seterbrukere. Å opprettholde tilskuddssordninga med økt tilskuddssats vil kunne virke stimulerende på opprettholdelse av seterkulturen og forhåpentligvis snu utviklinga. Vilkår for tilskudd skal være at hoveddelen av melkeproduksjonen skal foregå på setra i minimum fire uker i sommerhalvåret og produksjonen skal skje innen kvoten eller i henhold til forskrift om fritak fra overproduksjonsavgift ved lokal foredling av melk. Forslag til tilskuddssats kr. 25.000 pr. seter, og med ca. 160 setre i drift i fylket vil det totalt kreve 4 millioner kroner.

**Meir om RMP i neste blad**  
og på [www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no).

# Innspill frå Norsk Seterkultur

I forslag til målformulering er skissert: "Landbruket skal være en attraktiv arbeidsplass":

Seterbruket er kanskje den delen av landbruksrelatert næringen som "folk flest" har følelser og mening om. I menig manns øyne – en attraksjon (?!), i alle fall attraktive områder for mange å oppsøke og oppleve. Som arbeidsplass har setra tradisjonelt vært en arbeidssom, krevende, ansvarsfull – men ikke fullt en attraktiv arbeidsplass.

I Regionalt miljøprogram for t.d. Oppland blir det i høringsforslaget foreslått å gi seterbruket i Oppland et løft. Dette oppfatter vi som en anerkjennelse av seterbruket – et positivt løft for seterkulturen!

Vi ønsker – og ber om at denne positive

trenden også vil gi seg utslag ved prioriteringer knytta til BU-midlene.

## Spesielt for investeringer i seterfjøs:

Seterfjøset representerer fjøs nr. 2 på garden. Like fullt gjelder forskrifter og krav til mjølkerom, godkjent gjødsellager, vasskvalitet m.m. I mange tilfelle (og formuftig nok) vil investeringsbehov knytta til seterfjøs allikevel beløpe seg til summer som er lågere enn investeringer som kommer inn under BU (200-250.000 kr).

■ Vi ber derfor om at "inngangsbilletten" til BU-finansiering av seterfjøs senkes til 100.000 kr.

Med for knapp tilgang på BU-midler i forhold til antall utbyggingprosjekter, vil

det sannsynligvis bli nødvendig å komme i gruppe "høgste prioritet" for å oppnå BU-finansiering av utbyggingprosjekt.

■ Vi ber om at utbyggingsprosjekt knytt til seterfjøs blir gruppert med "høgst prioritet" i 2005.

Tilleggsnæringsprosjekt - seterprosjekt. Flere gode prosjekter er gjennomført – eller er på gang. Terskelen for å oppnå BU-tilskudd for denne type prosjekt har til nå vært rimelig. Fra 2005 vil ikke tilleggsnæringsprosjekter representere en egen "pott" i BU-systemet. Dette vil føre til at tilleggsnæringsprosjekter vil konkurrere med tradisjonelt jordbruk (- mjølk/storfør).

■ Vi ber derfor om at utviklingsprosjekter knytt til setre blir prioritert i 2005.

## Utmerking

I juni fekk ekteparet Åshild Dale og Jostein Sande Nordiska Kulturlandskapsforbundet sin diplom for deira "mångaåriga og djupa engagement för bevarandet av säterkulturen och kulturlandskapets alla värden." Utdelinga fann stad under forbundet sitt årsmøte – som i år var lagt til Sunnmøre.

## Bli med i



### Medlemskontingent 2004

Aktiv seterbrukar	kr. 300,-
Støttmedlem/abonnement på	
Seterbrukaren	kr. 200,-
Organisasjon/institusjon	kr. 500,-

### Ja, eg vil bli medlem

- Aktiv seterbrukar  
 Organisasjonar/institusjon  
 Støttmedlem/tinging  
 av Seterbrukaren

Namn: .....

Adresse: .....

Telefon: .....

Registrere deg seg medlem på våre heimesider: [www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no)

**NORSK SETERKULTUR**  
6214 NORDDAL

Tlf.: 70 25 91 77  
 Fax: 70 25 91 57  
 E-post: [seter@seterkultur.no](mailto:seter@seterkultur.no)  
 Bankgiro: 2367 20 51 169

## Stå på!

Det skjer mykje på verkemiddelsida som har betydning for seterdrifta. NSK har fokusert mykje på dei regionale miljøprogramma, forslag i fylka har vore til høyring – men framleis er det god grunn til engasjement! Viktig også at seterbrukarar og andre seterinteresserte engasjerer seg i prioriteringane av BU-midlar i fylka, og sameleis står på for seterdrifta når kommunane skal fordele SMIL-midlar o.a. NSK hjelper gjerne til, men først og fremst må folk lokalt ta initiativ og vise den kreativiteten som skal til for å gi seterdrifta ei framtid.

## Spør alltid huldrefolket!

"Når eg kjem på stolen tidleg på sommaren, spør eg alltid dei underjordiske om eg får vera der med alt mitt. Når sommaren er over, takkar eg for meg og spør om å få koma att, seier Guri. Ein gong ho var litt sein til å flytte heim frå stolen om hausten, opplevde ho at det banka på hos henne. Då ho opna var det ingen der. Det skjedde to gonger. Då skjønte Guri at no ville dei underjordiske ha att huset." - Det er Guri Lykken som fortel dette, intervjuet av Inger Robøle Kristiansen i avisene Nationen. 93 år gamle Guri er første æresmedlem i det norske huldrelauget, og vart nyleg heidra under eit arrangement på Beitostølen. Der hadde ho sine første somrar som budeie – og Guri "trur like fast og trygt på huldrefolket som ho trur på sin gud – og ho innrettar seg deretter."

## Brann!

Seterstugu vår er lita, gammal og grå. Stugu har ikkje vore gjennom ansiktløfting – iallfall ikkje vesentleg – i løpet av dei knapt 300 åra ho har "levd". Vi hadde gått og lagt oss. To halvstore ungar og border collien i "velt"-rummet, medan småjenta på 4 og vi vaksne hadde krope under føllen i stugu. Eit par småbikkjer var også i rommet. Tispa hadde krølla seg saman og sov under ein flik av dyna, medan unghunden, som har loppar i blodet og kvikklys i beina, framleis tusla rundt då vi andre sovna.

Om kvelden hadde vi hatt det løyleg. Fortalt vitser, dikta rare songar, ete god mat og fyra godt - både på skorstein og i omnen. Når alle er glade og tilfredse etter ein lang dag og ein triveleg kveld, ja, då sovnar ein godt.

Eg vakna av at unghunden hoppa opp og ned på dyna. Stugu var full av røyk. Lukta stakk i nesa og eg kunne knapt sjå gjennom rommet. Flammane slo fram frå bak skorstein.

### Brann!! BRANN!!

Full alarm – alle ut. Opptelling - var vi 5 menneske? – hadde vi fått ut hundane? Det brant i seterstugu. I nattklede fant vi bøtter og spann, mannfolket stupte inn i røykhavet – med våt klut over nase og munn, fant brannslokkningsapparat og byrja slokke.

Til alt hell hadde det kome sommargjester i nabohytta. Jentungen dundra på dører og vindauge for å få dei opp og ut – for å få hjelp.

Til slutt var det sju vaksne som kjempa for å redde seterstugu, og etter eit par timer kunne vi konstatere at stugu var berga. Dei som hjalp oss fortener ein stor takk!! (Brannvesenet kom etter at brannen var slukt).

Kjersti

P.S.

Ei oppmoding til dykk alle om å sørge for brannsikring av setra!



Den Norske Turistforening formidler naturopplevelser for livet. Derfor samarbeider vi med Norsk Seterkultur for aktiv stølsdrift i et levende kulturlandskap.



Mange av våre produkter har rot i stølkskuluren og vi støttar Norsk seterkultur i arbeidet for denne driftsforma

# Kjøp

## – Veiviseren –

Norsk Kulturarvs håndbok til de gode opplevelser.

Bestill på  
[www.kulturarv.no](http://www.kulturarv.no)



Norsk Kulturarv

### Kraftfôrvalg til beite er enkelt!

Kvaliteten og tilgangen på beitegraset er som regel best om våren og på forsommieren. Utøver sommeren er det vanskeligere å holde stabil kvalitet. Faktorer som beltestrykk og værforhold er da sentrale.

FORMEL BEITENØKKEL					
Ytelse	Sært godt beite	Middels godt beite	Ugodslis beite/utmørk	Lit beite	
10 kg			1 kg FORMEL Fauer 20	2 kg FORMEL Fiber	
15 kg			2 kg FORMEL Fauer 20	4 kg FORMEL Fiber	
20 kg	1 kg FORMEL Fauer 10	3 kg FORMEL Fauer 20	5 kg FORMEL Fauer 20	6 kg FORMEL Fiber	
25 kg	2 kg FORMEL Fauer 10	5 kg FORMEL Elite	7 kg FORMEL Fauer 20	8 kg FORMEL Fiber	
30 kg	5 kg FORMEL Fiber	7 kg FORMEL Elite	9 kg FORMEL Fauer 20	10 kg FORMEL Fiber	
35 kg	7 kg FORMEL Fiber	9 kg FORMEL Elite			

Dersom mjølkemengden går ned, vet du at det er på tide å vurdere mengde og type kraftfôr.



Okt lønnsomhet for bonden



[www.fk.no](http://www.fk.no)